

Florøsjela

v/ Arne Rognaldsen
Hans-Blomgata 17
6900 Florø

«Skjønn var du by»?

Høyringsinnspel til framlegg til Kommuneplan for Kinn kommune

Eit innspel om den autentiske Florø bys vidare skjebne basert på Florøsongen «Skjønn er du by» av Theodor Engebø.

Samandrag og hovedkrav

Byutviklinga av den nasjonale historiske sildebyen Florø har vore, og er framles prega av tilfeldige, usamanhengande og destruktive innfall frå private aktørar med sterkt preg av fråver av interesse for byens sjel og identitet frå våre styrande, kommunale organ.

Dette sjølv om kommunen har ein sentrumsplan.

Vi kan ikkje sjå at framlegget til kommuneplan i det heile nemner korleis Kinn kommune har tenkt på vidare sentrumsutvikling og ivaretaking av den nasjonale historiske sildebyen Florø - ein gong kalla «Sørlandsbyen på Vestlandet».

Vi ber derfor om at det blir utarbeidd eit fyldig temaoversyn/kapittel i det vidare planframlegget som omhandlar tilrettelegging og krav til framtidig byggeskikk, forvaltning og fredning av det som er att av eksisterande, autentisk bygningsmasse innafor bygrensa til gamle Florø by.

Vi ber om at det leggst klare føringar frå dette kapitlet i komande Kommuneplan inn i rulleringa av *Kommunedelplan for Florø sentrum 2018-2022*.

Vi krev også at kommunen begynner å styre byutviklinga på vegner av innbyggjarane, snarare enn kun passivt handsame dei tilfeldige byggeplanane som sendast inn frå private aktørar, slik vi har inntrykk av er vanleg praksis.

Vi krev også at det innarbeidast eit tema om bilisme, biltrafikkbelastning, vegprising, gågate(r) m.m. i det vidare arbeidet med kommuneplanen der målet må vere å få privatbilismen ut av sentrum.

Vi ber om at det innførast vegprising i tillegg til parkeringsprising. Dette for å styrke kommuneøkonomien.

Det må også planleggast eit løft for sentrum basert på vår felles identitet og autentisitet i samband med utbetringa av Markegata.

Proessen gjennomførast i nær og reell samhandling med byens innbyggjarar.

Det må iverksettast eit absolutt forbod mot vidare riving av originale hus og bygningar frå byens tidlege historie.

Det må utarbeidast ein fredningsplan og gjennomførast fredning i samarbeid med eigarar av dei autentiske hus og bygningar som er att i Florø.

Dette kan gjennomførast med heimel i Plan- og bygningslova (PBL)

Med heimel i PBL må kommunen også gjennomføre krav om vedlikehald og dermed forebygge forfall.

Vi oppmoder om at tema vist i den blå boksen over her umiddelbart blir teke inn og blir del av nytt kommuneplanframlegg og ny høyringsrunde.

Bakgrunn og kort historikk – Florø, tilfeldighetens by

Florøsjela blei stifta som frivilleg organisasjon i desember 2008 under namnet *Nyttårsaksjonen for Florøs sjel*.

Bakgrunnen for stiftinga var det pågåande spekulative forfallet og planane for riving av Trovikkvartalet som den gongen var det bygningsmessige og sosiale symbolet på Florøs sjel.

Byutviklinga av den historiske sildebyen har vore, og er framles prega av tilfeldige, usamanhengande og destruktive innfall med sterkt preg av fråver av interesse for byens sjel frå våre styrande, kommunale organ.

Florø er den historiske sildebyen i Norge - Folkeleg engasjement over fleire tiår er neglisjert

Heilt sidan 1970-talet har det vore eit sterkt engasjement mellom Florøs innbyggjarar for å få kommuneleiinga, lokalpolitikarane og eigeidomsseigarane til å bevare og bygge vidare på identiteten til Florø – den historiske sildebyen i Norge.

Det har ikkje mangla på ønsker og konkrete framlegg til å utvikle den kvalitative sildehistoriske bykjerna på byens og historias eigne premisser.

Det har vore lagt fram konkrete planar og teikningar, gjeve innspel til all verdas kommunale sentrumsplanar, skrive masteroppgåve¹, etablert kommunal byggeskikkpris², avholdt fleire møter, seminar og konferansar og gjennomført ei rekke markeringar, aksjonar og underskriftslistar frå innbyggjarane si side opp gjennom åra.

Men alt engasjementet har vore forgjebes. I kommuneleiinga har ingen brydd seg.

Innspel og konstruktive framlegg frå innbyggjarane er blitt møtt med skuldertrekk frå våre lokale leiarar. Vi har også opplevd å høyre påstandar om at vi ikkje ønsker det dei kallar «vekst og utvikling».

Når «utviklarane» og kommunen har herja som verst med byen vår, har innbyggjarane organisert vellukka snuoperasjonar

Men inn mellom har innbyggjarane slått i bordet og fått byens administrasjon og politikarar til å legge vekk dei verste raseringsplanane.

Den eine gongen var då dei same kreftene ville rive Haavebua (ca 1990), men blei stoppa av eit knapt fleirtal i Flors Bygningsråd etter framlegg frå representanten Stein Malkenes.

I dag er Haavebua på mange måtar byens storstove saman med kulturhuset og ei pryd for byen.

Den andre gongen var då Flora bystyre i sitt møte i Rognaldsvåg på 1990-talet med eit knapt fleirtal stoppa vidare planlegging av ei kaigate der «vekst og utviklingsfolka³» skulle fylle ei steinfylling ut i havna frå Skudalen til Fugleskjerskaia.

¹ Marianne Grytten, *Fornyng eller bevaring, Masteroppgave i arkitektur, Bergen 2008*

² Etablert av Flora Bygningsråd i 1990 etter framlegg og forarbeid av bygningsrådsmedlem Stein Malkenes.

³ Partipolitisk har det vore Flora Arbeiderparti og Flora Høgre som har gått i bresjen for nedbygging av den historiske sildebyen Florø

I forkant av bystyremøtet hadde dåverande, frivillege Florø Sentrumsforening og andre gjort eit grundig, folkeleg forarbeid som fleirtalet i bystyret støtta.

I dag ligg gjestehamna der steinfyllinga skulle leggest, ei av dei mest omtykte gjestehavnene langs norskekysten.

Nyleg opplevde innbyggjarane også å få med seg eit fleirtal av Kinn kommunestyre til å utsette planane om å sprengje vekk og fylle steinmassar i sjøen i Måseholmenområdet og sjå etter betre løysingar på fastlandet.

I neste omgang spørst det om dei innsendte innspela til den konkrete reguleringsplanen for Gunhildvågen blir tekne til følge.

Dersom dei vil, kan kommunen nemleg finne arealløysingar til vekssemdene i Gunhildvågen som for all framtid stoppar vidare rasering av nærnaturen vår vestover,.

Fråver av respekt for byens historie og autentiske kvalitetar

Men alt i alt lir Florø bys historiske sentrum under fråver av respekt for byens historie og autentiske kvalitetar som grunnlag for smarte framskritt til det beste for byens innbyggjarar og næringsliv både no og i framtida.

Dei som skulle gå i bresjen for ei slik utvikling på vegner av oss alle, ordførar og kommunedirektør, er fråverande og har vore det i årevis.

Byens sjel og identitet er systematisk vanskjøtta i meir enn 50 år og dens skjebne overlatt til private entreprenørar og investorer som fritt får bruke vår felles vesle by som arena for eigne profittmotiverte investeringar, snarare enn involvering og byutvikling til fellesskapets beste.

Eit etter eit fjernast dei originale trehusa i det stille og erstattast av framande volumiøse bygningar utan forankring i byens historie, identitet og byggeskikk, seinast Trovikkvartalet og Tytingvåghuset.

Byens første skolehus, Malkeneshuset er også under press, Det var på nippet til å rivast og kommuneleiinga vil bygge det inne mellom ein svær, grå gymnastikksal og det nye Albertatunet.

Ansvarleg kommunalsjef, Rolf Bjarne Sund, uttalar seg til Firdaposten 13.09.24⁴ i moderne vendingar om kva som skal skje i byen framover, men har, som vanleg, ingen ambisjonar på den historiske sildebyen sine vegner.

Berre ein gong sidan 1970-talet har styrande organ investert i bysentrum, nemleg då Strandgata blei opprusta i åra rundt/etter årstusenskiftet. Det skal våre styrande ha ros for!

Kommuneplanframlegget - Perspektiv og realitetar

Det er i dette perspektivet framlegget til kommuneplan er interessant.

I planframlegget opplysast det at *Kommunedelplan for Florø sentrum 2018-2022* skal rullerast i 2024.

⁴ [Statens vegvesen, Kinn | – Florø sentrum har store moglegheiter i åra framover \(firdaposten.no\)](https://www.firdaposten.no/nyheter/2024/09/13/statens-vegvesen-kinn-floroe-sentrum-har-store-moglegheiter-i-ara-framover/)

Kva det inneber og kor langt denne prosessen er komen, er ukjend for oss, men i resten av kommuneplanframlegget kan vi ikkje sjå at det på eit einaste punkt er teke omsyn til eller lagt opp til vidare forvaltning og bruk av det som er att av den historiske sildebyens kvalitetar

Sjå til Kragerø og Røros

Det må gjennomførast eit prioritert løft for å ta vare på og utvikle den historiske sildebyen på Florø sine eigenverdiar og byens eigne historiske premisser og rammer.

Dette gjeld byggeskikk, kunnskapsoppbygging, aktivt forhold til eiga historie, historie som potensiale for vidareutvikling og ei rekke andre kvalitativt element som alle må bygge på den nasjonale sildebyens sin identitet.

Kragerø

Tenk om vi hadde hatt ein slik ordførar som Kragerø har⁵!

Tenk om Bengt`en eller Ola`en før han hadde vist den samme entusiasmen og stoltheten over Florø's sjel som kollegaen i Kragerø!

Sjå berre kva ordføraren sa (og seinare gjorde) då tre av dei gamle trehusa i byen brann ned:

– Jeg sørger på byens vegne. Det er jo en del av sjelen til Kragerø, så vi håper og tror at vi skal få kontroll over situasjonen og berge mest mulig, sier Knudsen til NRK.

Vi kan ikkje hugse at nokon ordførar, eller kommunedirektør/rådmann i Florø nokonsinne har gått i bresjen for å berge og bygge vidare på florø'sjela – vår felles identitet.

Røros

Felles identitet er formelen for suksessen til Røros – Noregs nasjonale bergstad, slik Florø er Norges nasjonale sildeby.

Røros tok den debatten Florø aldri har teke: skal vi «rive skiten», eller skal vi satse på det autentiske og vidareutvikle vår felles sjel og identitet?

Røros gjorde det siste på 1970-talet og i 1980 blei bergstaden innskriven i UNESCO si verdsarvliste.⁶

Røros er i dag eit av dei mest vellukka reisemåla i Noreg med eit yrande folkeliv og næringsliv, alt tufta på eigen identitet.

Florø framstår som ein shabby og vilkårleg by utan retning.

⁵ – [Dette er en del av sjelen til Kragerø – NRK Norge – Oversikt over nyheter fra ulike deler av landet](#)). [Kragerø, Storgata | Slik skal bygården bygges opp igjen \(kv.no\)](#)

⁶ ([Bergstaden Røros - Verdensarven Røros \(verdensarvenroros.no\)](#))

Frå sykkelby til bilby - Bilismens kvelande makt over Florø sentrum

Allereie på 1970-talet blei det spelt inn forslag om å gjere Strandgata til gågate.

Bakgrunnen var dåtidas merkbare auke i privatbilismen med dei aukande arealbehova som meldte seg og som la premissar for både vidare planlegging og trivsel i «i byn».

Andre byar i Noreg fekk på den tida sine gågater og handelen auka i desse gatene.

Men i Florø blei forslaget brysk avvist av handelsstanden og nærast latterleggjort av kommuneleiinga den gongen.

Først under restaureringa av Strandgata for over 20 år sidan blei det gjort tiltak som eit forsøk på å styre bilismens grep på Florø sentrum.

Då blei det bestemt at Strandgata skulle einvegskøyrast frå aust mot vest, det blei innført tidsrestriksjonar på køyring og betalingsssystem for parkering – alle gode, men beskjedne tiltak.

I perioden etter årtusenskiftet har likevel talet på bilar i Florø sentrum «eksplodert».

Det er derfor på høg tid med ein ny gjennomgang av bilismens posisjon i Florø sentrum der målet må vere å fjerne store delar av bilparken frå sentrumsgater, innføre vegprising for tungtransport og få intern bytransport over på kollektivordningar og sykkel.

For nokre år sidan profilerte Florø seg som sykkelby.

No er Florø sentrum, der gåavstanden i Strandgata mellom Florø Kulturhus og Florø Tannklinikk er om lag 830 meter lang, definitivt ein bilby.

Bilismen synast ikkje å vere tema når ein slags senterumsdebatt med ujevne mellomrom dukkar opp.

Leiande lokalpolitikarar prioriterer faktisk plass til bilen når framtidig bruk av byens mest eksklusive sentrumstomt, Bankhola, blir diskutert.

Vi oppmoder om at det innarbeidast eit tema om bilisme, gågate(r) m.m. i det vidare arbeidet med kommuneplanen og at det blir planlagt eit løft for sentrum basert på vår felles identitet og autentisitet.

Vi ber også om betre, reell samhandling med byens innbyggjarar i samband med utbetringa av Markegata og andre senterumsprosjekt.

Florøs bygningsmessige og naturlege identitet og sjel er vårt konkurransefortrinn

Det må iverksettast eit absolutt forbod mot vidare riving av originale hus og bygningar frå byens tidlege historie.

Det må utarbeidast ein fredningsplan og gjennomførast fredning i samarbeid med eigarar av dei autentiske hus og bygningar som er att i Florø.

Dette kan gjennomførast med heimel i Plan- og bygningslova (PBL)

Med heimel i PBL må kommunen også gjennomføre krav om vedlikehald og dermed forebygge forfall.

Dette arbeidet gjennomførast i planlagt rullering i 2024 av *Kommunedelplan for Florø sentrum 2018-2022*, men forankrast i kommuneplanen.

Ved gjennomføring av desse grepa, forankra i kommunens øverste styringsdokument, Kommuneplanen, vil Florø kunne bygge både konkurransekraft, trivsel og bulyst.



Trovikkvartalet for nokre tiår sidan – sjølve symbolet på Florøsjela.

No er det rive.

Det er som om Bergen skulle rive Bryggen. Foto: Ukjend.